



Den tamme svana på Sanden har visst planar om å busetja seg fast der eller i alle fall i nærleiken. Ho har tilhald tett på SPAR og dei handlande må styra med fin hand for at det ikkje skal ende med ei ulukke. Det er nesten overraskande at det har gått bra så langt.

Den tamme fuglen har også vorte eit ynda foto-objekt og forsyner seg villig hvis nokon lokkar med brød eller anna. Då vi tok dette biletet i ettermiddag slurpa ho i seg frå det siste regnet. og ho var ikkje det minste agressiv mot folk som gjekk tett innpå.

(Foto: Ola Matti Mathisen)